

# PLAN FOR TRAFIKK BRYNE SKULE 2019/2020



## **Om trafikksituasjonen:**

Elevane på Bryne skule kjem frå eit stort område rundt Bryne sentrum. Skulevegen til mange av elevane er prega av mykje trafikk. Det er mange som går gjennom sentrum på sin veg til skulen og dei må kryssa trafikkerte område.

Mange av elevane sin skuleveg er og prega av stor byggeaktivitet med dei trafikkutfordringane dette fører til.

I tillegg er det i tidspunktet rundt skulestart, mange ungdomsskuleelevar på sykklar som påverkar trafikk-situasjonen rundt skulen.

FAU, elevrådet og skulen har eit stort fokus på at skulevegen skal vera trygg.

FAU har dei siste åra tatt ansvar for å at det er trafikkvakter om morgonane i den mørke årstida i dei trafikkfarlege kryssa.

Skulen har dei siste åra gjennomført "Gå til skulen aksjon" om hausten der målsetjinga er at flest mogleg elevar skal gå eller sykla til skulen.

Skulen har eit mål om at skulevegen til elevane skal vera tryggast mogleg.

## **Kunnskapsløftet seier:**

1.-4.trinn: Kroppsøving

«Etter 4.trinn skal elevene kunne følge trafikkregler for fotgjengere og syklistar.»

5.-7.trinn: Kroppsøving

«Etter 7.årssteg skal eleven kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.»

<http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/05/Veiledning-til-Kunnskapsl%C3%B8ftet2011.pdf>

Målsettinga vår som skule er at barna skal læra å oppføra seg ansvarsfullt i trafikken, slik at skulevegen blir trygg for alle. Å skapa medvit om trafikksikkerheit skal vere ein naturleg del av skulen si verksemd.

## Foreldra sitt ansvar

Det er foreldra som har hovudansvaret for å gje barna nødvendig trafikkopplæring slik at dei kan ferdast trygt i trafikken. Tiltaka som skulen set i verk, er eit supplement til dette. Godt samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å lukkast i trafikkopplæringa.

<http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2015/10/Sykling-p%C3%A5-skoleveien-trygtfrem-og-hjem.-Endeleg.pdf>

<http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2015/11/Informasjonsbrev-til-foreldre.pdf>

[http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/06/FAU\\_brosjyre\\_orginal-2.pdf](http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/06/FAU_brosjyre_orginal-2.pdf)

Skulen sin trafikkplan skal presenterast på foreldremøtet om hausten, og blir lagt ut på heimesida.

Andreas Vollsund er trafikkansvarleg på skulen.





### **Bruk av sykkel:**

Det er føresette som avgjer om elevane kan bruka sparkesykkel eller sykkel til skulen. Skulen anbefaler likevel at elevar ventar med å sykle til skulen til dei startar i 5. klasse. Dette er i tråd med anbefalingane frå Trygg trafikk.

Sykkel er definert som køyretøy i trafikkreglane. Dei som sykklar, må ha sykklar som har påbudt utstyr. ( sjå biletet ovanfor) I tillegg anbefaler me alle til å bruka hjelm.

På sykkelturar i skulen sin regi, *MÅ* alle ha hjelm.

### **Rutinar for turar i skulen sin regi:**

#### **Når elevar ferdast til fots i trafikken:**

- Følgja reglane for fotgjengarar. Når store grupper er ute, skal det vera ein vaksen framme og ein bak. 1. trinn skal alltid ha refleksvest. Alle vaksne har vest.
- Ha med førstehjelp utstyr
- Ha med kontaktinfo til føresette

**Når elevane bruker sykkel:**

- Alle må ha hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand
- Når ein sykklar på fortau, har ein vikeplikt for alle. Fotgjengaren har førsterett på fortau. Ved fotgjengarfelt skal ein gå av sykkelen.
- Når ein sykklar på ein gang- og sykkelveg, har ein vikeplikt for alle når ein skal inn på eller kryssa vegen.
- Når ein sykklar i sykkelfelt, har ein vikeplikt mot høgre som bilistane.
- Når ein sykklar i kjørebane, må ein halda seg på høgre side og oppføra seg som bilist.
- Når store grupper er på sykkeltur, skal det alltid vera ein framme og ein lærar bak. Dei vaksne har vest.

**Når elevane sit på med privatbil**

- Må ha skriftleg løyve frå føresette.
- Vanlege sikringsreglar i bil.

**Når elevane sit på med kollektivtransport**

- Alle står samla, og rettar seg etter dei beskjedar som blir gitt av dei vaksne
- Alle står i ro til bussen eller toget har stansa, og det er klart for på- eller avstigning
- Alle brukar setebelte i buss.
- Ved avstigning gir dei vaksne beskjed om korleis dette skal føøegå, og alle går roleg ut av transportmiddelet og bort til den avtalte oppstillingsplassen.

**Skulen sine rutinar for kvalitetssikring av denne planen.**

- Lærarane må vera kjent med planen
- Avvik skal rapporterast til næraste leiar

**Ved uhell:**

- Sikre barnet
- Om nødvendig, ta kontakt med helsepersonell
- Kontakt føresette
- Meld frå til næraste leiar

## Hovudtema på trinna:

### 1. – 4. trinn:

Trafikkreglane for gåande

Refleksbruk

Startar sykkelopplæringa i slutten av 4. klasse.

### 5. – 7. trinn:

5. trinn har opplæring på Sykkelgarden på Sandnes

5. gjennomfører sykkel-løype i skulegarden og i området rundet skulen

Sykling i trafikken

Reglar for sykling på tur

Generell sykkeltrening

Det blir gjennomført ulike sykkelturnar (t.d. til Tinstafetten, til Vitengarden, rundt Frøylandsvatnet, til ulike sykkelcrossbanar)

### «Gå til skulen-aksjon» kvart år

Målet for aksjonen er todelt:

- At barn og unge skal vera meir fysisk aktive.
- At det blir sett fokus på trafikksikkerheit og refleksbruk

Barn bør vera aktive i leik eller annan aktivitet minst 60 minutt kvar dag. Aksjon «Gå til skulen» skal stimulera elevane til dagleg fysisk aktivitet. Barn som går til skulen, får brukt energi, dei er sosiale saman med vener og dei kan oppdaga spennande ting på vegen.

Gjennom aksjonen blir foreldre, elevar, klassekontaktar og elevråd invitert til eit samarbeid om ein aktiv og trygg start på skuledagen.

Skulane som deltek i aksjonen får ein pengesum som elevrådet disponerer. Midla skal brukast til tiltak som stimulerer til fysisk aktivitet, td utstyr, turar, tiltak i «Trivselsleiarprogrammet».



## «Hjertesone»

«Hjertesona» er ein dropsone der foreldre kan setje av borna utan at dei treng å køyre heilt til skulen. «Hjertesona» er lagt til parkeringsplassen ved Kiwi med innkøyring frå Jernbanegata. Frå Hjertesona sikrar me ei trygg gangsone fram til skulen.

Sjå kart under

